

**Notat**Dato: 15.01.2019  
Arkivsak: 2018/17512-3  
Saksbehandlar: karstei1

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

**Ynskje om justering av takstzone i Kvam herad**

Kvam herad har i brev datert 07.12.18 bedt Skyss vurdere å justera grensa mellom Sone B og sone F til stoppet ved Strandebarm skule slik at elevar i skulekrinsen kan reise til og frå skulen innanfor ei sone, sjå vedlegg 1.

Skyss har sett på påverking på skulekrinsar, lokal pendling og gjennomgåande bussruter. Basert på denne vurderinga vert den nye grensa justert, og Sone F utvida slik at grensa følgjer kommunegrensa til Kvam Herad. I praksis betyr dette at den nye grensa vil gå i Mundheimsdalen i vest, og litt sør for Gravdal (ved kommunegrensa). I vest vert siste stopp i Sone F Leirstein i Mundheimsdalen, medan siste stopp i Sone F i sør vert Gravdal sør.

For rute 740 som går om Mundheim til Gjermundshavn får justeringa konsekvensar, sidan ruta som i dag berre går om Sone B, no vil vere innom Sone F. Her vil me laga ein unntaksregel på lik linje med andre, liknande problemstillingar, slik at dei reisande i praksis ikkje må betala for ei ekstra sone på grunn av dette.

Endringa vil ha verknad frå 01.februar 2019. Dette er formidla til Kvam herad i brev av 14.01.19, sjå vedlegg 2.

**Vedlegg**

- 1 Ynskje om Justering av grense mellom sone B og sone F - Standebarm skule - Kvam herad
- 2 Ynskje om Justering av grense mellom sone B og sone F - Standebarm skule - Kvam herad